

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.  
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjartelig velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

E-post: t-dagane.voss@kyrkja.no

www.voss.kyrkja.no. "Trusopplæringa i Voss".

Frivillig gave til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293  
(merk: trusopplæring)



Velkommen til T8-dag  
i Oppheim kyrkje  
fredag 3. mars 2023  
kl. 17:00-20:00



NB! Før du startar å lese, er det viktig å vite at dette brevet  
er topp hemmeleg og må lesast berre av åtteåringar frå  
Oppheim og Vinje, og deira føresette.

Fredag 3. mars kl. 17:00 til 20:00 treng me hjelp av deg til å  
løysa hemmelege oppdrag og mysterium i Oppheim kyrkje.

Agentane skal på symboljakt i kyrkja, leite etter mysterium  
i Bibelen, lære tårnagentsongen og ete agentfrukt. Som  
tårnagent får du utforske heile kyrkja!

**Kl. 19.30 er foreldre og andre velkomne til  
ein avslutningssamling i kyrkja, der DU tek del!**

Dersom de søker på "tårnagent" på [www.youtube.com](http://www.youtube.com) kan  
du sjå andre tårnagentar, samt lære deg tårnagentsangen me  
skal syngja.

Ta med: Lommelykt og forstørringsglas  
(dersom du har), gjerne merkt med namn.  
Innesko.

**Gje beskjed:**

- om barnet treng spesiell tilrettelegging
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at biletet av barnet kan nyttast til Kyrkjenytt, facebook og kyrkja sine nettsider.
- Om nokon har lyst å vere med som medhjelparar denne kvelden.

**Påmeldningsperiode fram til 1. mars**  
til Camilla Velsvik, 995 18 194.